



Advokatfirma Høgseth
Litlåsvegen 41
5132 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1427 - 14/5959

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
14.03.2014

Vedkomande kommentar til nabovarsel/vurdering av utsatt iverksetjing - tiltak på gbnr 168/10.

Kommunen viser til skriv av 10.03.2014.

Merknader til nabovarsel:

Kommunen har ikkje motteke søknad om dispensasjon frå § 29-4 for plassering av vegen per dato. Forhold som gjeld dokumentasjonen som er vedlagt nabovarselet må rettast til ansvarleg søkjar.

Merknader som gjeld ulemper for gbnr 169/1 og 169/10 og påståtte manglande nabovarsling av gbnr 169/3 vil verta vurdert i den vidare handsaminga av klagesaka.

Vurdering av utsatt iverksetjing, fvl § 42:

Vurderinga av utsatt iverksetjing vert vurdert uavhengig av klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggjesaker kan setjast i verk straks det er vedtatt og partane er underretta. Når eit vedtak er påklaga, kan underinstansen fatta avgjerd om at eit vedtak ikkje skal iverksetjast før klagen er endeleg avgjort, jf forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut frå ei heilskapleg vurdering, basert på ei førebels vurdering av klagen og dei ulike interessene og forhold knytt til sjølve klagen, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s 154.

Bakgrunnen for regelen om utsett iverksetjing, er omsynet til rettstryggleiken, ved at den kan hindra at gjennomføringa av vedtaket fører til uoppretteleg skade eller tap enten for byggherre eller nabo. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetjing vil gje.

Omsøkte tiltak gjeld oppføring av bustad på gbnr 168/10 og etablering av tilkomstveg fram til eigedomen. Det ligg føre byggjeløyve, jf vedtak av 31.01.2014. Klagen gjeld plasseringa av tilkomstveg i forhold til avstand til nabogrense.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Etter ei førebels vurdering av klagen er det ikkje kome fram forhold som tilseier utsatt iverksetjing av vedtaket i denne saka. I vurderinga er det lagt vekt på at veggen er etablert i samsvar med plan og at tiltaket er reversibelt. Det vert ikkje gjeve utsatt iverksetjing for tiltaket.

Oppstart av byggjearbeid før klagen er endeleg avgjort skjer på søkjar/tiltakshavar si eiga rekning og risiko.

Denne avgjerda etter fvl § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje påklagast. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetjing i saka. Eventuelle førespurnader om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kommentarar til nabovarsel vedk tiltak på gbnr 168/10 og 169/1 Eikeland søndre

Kopi til:

Gunn-Elin og Bjørn Arild Bysheim	Vardane 64B	5911	ALVERSUND
Hindenes G. Bygg & Rehabilitering AS	Ikeland 26	5912	SEIM

Mottakarar:

Advokatfirma Høgseth

Litlåsvegen 41

5132

NYBORG